

MENINGER

FULLT NAVN. Innlegg på trykk skal være signert med fullt navn. Anonyme innlegg godtas bare unntaksvis, når det kan underbygges med heft spesielle behov for å være anonym. Du kan også lese mening-innleggene på nettavisen under www.hamardagblad.no. **SKRIV KORT.** Innlegg som er kortere enn 280 ord slipper først fram i køen. Alle innlegg må leveres som e-post til mening@hamardagblad.no eller SMS til 2097 kodeord HD.

Språkåret – Håkon jarl i Oppland og Hedmark

Håkon jarl eller Håkon Sigurdsson var eineherskar i Noreg frå ca. 970 til 995. Håkon var sjølvaste Ladejarlen og dermed trønder. Mange hugsar kanskje helst den meir eller mindre dramatiska måten Håkon jarl døydde på. Han og trøelen Tormod Kark gøynde seg for Olav Trygvasson i ein grisebinge under huset til den «kjære venninna» Tora i Melhus. Men det var faktisk Kark som tok livet av herren sin. Det enda med at begge fekk hovuda sine plasserte på midstong på Munkholmen utanfor Trondheim.

Elles var det ikkje berre i Melhus Håkon jarl hadde ei elskarinne. Snorre kan fortelje at Håkon fór til Opplanda ein vinter og låg der med ei kvinne, og dei fekk ein son saman. Sønen Eirik blei fosta opp hos Torleiv Spake i Trøndelag. «Spake» er det gammalnorske adjektivet «spakt», i bestemt form, og har tydinga «vis» eller «dok» i denne samanhengen. Han var kjend for å ha store kunnskapar om lov og rett.

Håkon jarl hadde også andre ærend i Opplanda, som

også Hedmark var ein del av. Snorre skreiv t.d. (her på

normalisert gammalnorsk): «Pat var å einu hausti, at Håkon jarl fór til Opplanda; en er hann kom út á HeiðmOrk, þá kemr þar í móti honum Tryggvi konungi Olafson, ok Guðrøðr konungi Bjarnarson; þar kom ok Dala-Guðbrandr. Þeir áttu stehnlag með sér ok sátu lengi á einnæli, en þat kom upp, at hverr þeirra skyldi vera vín annars; ok skiljast þeir síðan, fór hverr heim til síns ríks.»

No i Språkåret kan det kanskje vere spesielt artig å sjå at dei fleste truleg vil skjønne ein del av innhaldet i denne tekstsprassasjen – sjølv om dette altså er gammalnorsk. Meir eller mindre direkte omsett til moderne norsk står der: «Det var ein haust at Håkon jarl fór til Opplanda; og då han kom ut til Hedmark, då kjem der kong Tryggve Olavsson imot han og kong Gudrød Björnsson; der kom òg Dale-Gudbrand. Dei åtte/hadde stevnelag med kvarandre og sat lenge i einnæle; og det kom opp at kvar av dei skulle vere ven til den andre; og

dei skilt sidan (og) fór kvar heim til sitt rike».

Dette var då verkeleg eit hyggeleg og vennskapleg møte! Men det gjekk jo ikkje særlig bra med desse i ettertid – bortsett frå Dale-Gudbrand kanskje. Det grammatiske systemet til gammalnorsk gjekk det heller ikkje så bra med. Det fekk svært hard medfart gjennom lydlege endringar og ikkje minst gjennom svarledanden, som gjorde at skriftkulturen fekk eit alvorleg slag for bagen. I neste omgang kom språklege påverknader frå svensk, dansk og nederlandsk. Men vi kjenner altså likevel igjen grunnstammen i det norske språket frå nesten tusen år tilbake i tid. Gammalnorsk er ein del av den språklege arven og ein del av det språklege mangfaldet. Det kunne kanskje vere ein idé å lese litt Snorre i omsetjing i år – i Språkåret 2013.

JENS HAUGAN

Dobbeltspor til Lillehammer før 4-felts motorvei

Norge er etland med store forskjeller i landskap og bosetningsmønster. Dette må gjenspeiles i samferdselsstrukturen og valg av transportmiddel. I noen områder løses samferdselen fortsatt best med buss eller bil, og strekningen Oslo-Lillehammer og hele intercityruten vil kunne

nødvendig at dobbeltsporet til Lillehammer prioriteres i forhold til velbygging på samme strekning.

Dobbeltsporet vil gi en reisetid til Oslo på under en time fra Hamar, og dette er et veldig viktig bidrag for tilflytting og vekst i Innlandet, og en

Satsing på skoler og barnehager

Gode skoler, barnehager og kort reisetid til Oslo er viktig elementer for å skape tilflytting til Hamar i årene framover. Det er nødvendig for Hamar at kvaliteten i skoler og barnehager er på høyt nivå. Skoler og barnehager må derfor prioriteres.

Hamar kommune må prioritere en fortsatt kompetanseveving til dem som jobber i skoler og barnehager. Dette vil bidra til